



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 30.05.2017  
Vår ref.: 2015/3667-16  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Utviding av plangrense og revisjon av planprogram for områderegulering for Flatøy-Midtmarka-Rotemyra - Meland kommune

Vi viser til brev datert 5.4.2017 om oppstart og planprogram for arbeid med områderegulering for Midtmarka og Rotemyra i Meland kommune. Hovudføremålet med reguleringa er ei framtidig utbygging av bustader og mindre næring i ein urban struktur. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til busetnad og anlegg. Kommunen har vurdert at planen utløysar krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

Vi viser til vår tidligare fråsegn i brev av 30.7.2015, men har i tillegg nokre merknader gitt i avsnitta under.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi har tidlegare gjeve innspel til områdeplan for Midtmarka og Rotemyra, seinast i vårt brev datert 30.07.2015.

Flatøy er rik på kulturminne frå både forhistorisk og nyare tid. Det er registrert sju automatisk freda steinalderbuplassar innanfor plangrense frå 2015. Seks av desse ligg i området mellom Marusvika og Grønevika (Askeladden id. 107937, 107938, 107939, 107940, 121848 og 122544), og ein ligg på Langaneset (Askeladden id. 107919).

Meland kommune ønskjer no å utvide plangrense i sør (område A) og i nordvest (område B). Plangrensa i sør er utvida for å regulere inn ny veg til Midtmarka frå dagens kryss sør på Flatøy. I nordvest er plangrensa utvida for å kunne planlegge ein turveg til Håøya, og for å kunne leggje til rette for friluftsliv i Eidavika.

#### Område A

I område A er det frå før kjend ei rekke steinalderbuplassar. Dei fleste var undersøkt av Universitetsmuseet i Bergen på 70-tallet. Her ligg det også eit SEFRAK-registrert våningshus.

#### Område B

I samband med arkeologiske registreringar i 2008 vart det påvist to steinalderbuplassar aust på Håøya, Askeladden id. 121540 og 121541. Ved oppstart av planarbeid i 2015 låg begge lokalitetane rett utanfor plangrensa. Etter utvidinga av plangrensa ligg no buplassen Askeladden id. 121540 delvis innafor planområdet. Det er uheldig at den nordvestlege delen av lokaliteten ligg utanfor planområdet. Hordaland

fylkeskommune ber om at plangrensa vert utvida ytterlegare, slik at heile buplassen ligg innanfor planområdet, og at eit større område rundt lokaliteten får omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø (fig. 1). Den beste løysinga for å sikre tilstrekkeleg vern av begge automatisk freda buplassane på Håøya er utviding av planområdet til å også inkludere bnr. 3, og at dei to automatisk freda kulturminna vert lagt inn i ei felles, større omsynssone H570 (fig. 2). Minstekravet frå Hordaland fylkeskommune er at heile lokaliteten Askeladden id. 121540 vert inkludert i planområdet med omsynssone.




Fig. 1: Forslag til omsynssone H570 – alternativ 1.




Fig. 2: Forslag til omsynssone H570 – alternativ 2.

### Samferdsel

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at den vidare prosessen har fokus på gode veg- og kryssløysingar som er arealeffektive og sikrar trygge tilhøve for mjuke trafikantar.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

### Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på samferdsel og kultur og kulturmiljø, i tillegg til moment i fråsegn av 30.7.2015.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlarar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator – KULTUR- Og IDRETTSAVDELINGA

Gunnhild Raddum, transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA